



Gløggen smaka goidt i låven på Neset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kreativiteten kjenner få grenser i Uskedalen, i alle fall med omsyn til arrangementer. Onsdag kveld hadde Kvinnherad Turlag invitert til eit originalt førjulsarrangement her i bygda, med deltaking av rundt rekna 30 tillitsvalde og turleiarar i det aktive laget.**

Samlingsplassen var naturleg nok ved Gamleskulen og derifrå vandra dei turglade til den 100 år gamle låven på Neset, dit også fjøslykter viste vegen saman med månen.

'Sjefsarrangør' og idemakar Kjell Yri serverte varmande gløgg medan Kristian Bringedal serverte spreke trekkspeltonar og det vart ein riktig triveleg opptakt til kveldens høgdepunkt. Det fann stad i Dønhaugkjedlaren der pinnekjøtt var på menyen.

Men dette tradisjonelle førjulsarrangementet var ikkje berre sosialt: På Dønhaug drøfta turlagfolka også neste års program, som vil sjå dagens lys ved juletider og som vi veit at mange har store forventningar til.

Av Ola Matti Mathisen